


Elins Matgleder startar nettbutikk - dei fyrste pakkane gjekk ut i går.

23.11.2020



Framsida på Elins Matgleder sin nettbutikk.

Elins Matgleder startar nettbutikk. Nettbutikken var operativ laurdag før helga. Alt i går, måndag 23. november, vart dei fire fyrste ordrane pakka og sende til kunden pr. post. Konseptet vert utvikla litt etter kvart. Til no kan Elin mellom anna tilby lokale produkt som saft, syltetøy, delikatesse til ost, kjeks og konfekt. Gåveartiklar frå silobutikkane kan også koma på salslista.

Det fungerer slik at når kunden tingar varer frå katalogen, får Elin eit varsel på e-post. Ho registrerer ordren, finn fram varene og pakkar før sending. Kunden betaler fast kr. 79,- i porto. Alt overskytande dekkar seljar. Ordre på meir enn kr. 799,- vert sendt portofritt.

Elins Matgleder er med i ei sentral nettbutikklysing, dette for å sikra kunden kvalitet og at varene kjem fram raskt. Inntil vidare brukar ho posten sine tenester for sending og levering. Nettbutikker med stor omsetnad har ofte andre distribusjonsordningar.







Ikke sikkert — elinsmatgleder.no,24nb10.srv.jp.no

Syltetøy

Alt syltetøy er heimalaga og produsert på gården Nedre Feet i Uskedalen: Råvarene er plukka på garden eller i skog og mark i nærområdet.

Kategorier

- Saft og syltetøy ×
- Dolikatesser
- Saft
- Syltetøy**
- Interior +
- Kjeks
- Heimeside
- Konfekt
- Restaurant/ catering info +

		
Blåbærsyltetøy	Kirsebærgelé	Sukkerfrie opalplommer
79,00 + Kjøp	69,00 + Kjøp	79,00 + Kjøp
		

[Litt av sida som syner kva varer som ligg ute i nettbutikken så langt.](#)

Utfordringa med å driva ein nettbutikk handlar om å produsera dei varene som står på lista. Ein må til ei kvar tid ha inne varene i sortementet. Så må det vera ein beskrivelse til kvar artikkel med vekt og volum. Dette er eit arbeid Elin Enes jobbar meir med og vil utvikla.

Mannen, Geir, hjelper til, mellom anna med gode tekniske løysingar.

Så langt Uskedalen.no kjenner til er dette den andre nettbutikken i Uskedalen.

Du finn meir ved å klikka deg inn på: elinsmatgleder.no

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat



Den fyrste sendinga med fire pakkar gjekk ut alt i går, måndag 23. november.